

EKSAMENSSAMARBEIDANDE FORKURSINSTITUSJONAR

Forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag og tilhøyrande halvårig realfagskurs.

Universitetet i Sørøst-Norge, OsloMet, Høgskulen på Vestlandet, Høgskolen i Østfold, NTNU, Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, UiT-Norges arktiske universitet, NKI, Metis.

Eksamensoppgåve

TEKNOLOGI OG SAMFUNN

Nynorsk

18. mai 2021

kl. 9.00-13.00

Hjelpemiddel:

Forutan kommunikasjon med andre, er alle hjelpemiddel tillatne.

Andre opplysningar:

Oppgåvesettet inneholder fire sider inkludert framsida. Det er tre drøftingsoppgåver. Du skal svare på ei av oppgåvene.

Oppgåve 1.

I artikkelen «En verden av mistillit» skriven av forskarane Morten Boås og Ole Jacob Sending publisert av Norsk Utenrikspolitisk Institutt (Boås & Sending, 2021), kjem det fram at verda står overfor store utfordringar på grunn av ei global mistillitskrise. Dei skildrar ein situasjon der statsleiarar ikkje stoler på kvarandre, og folket verken stoler på sine eigne myndigheiter, ekspertar eller tradisjonelle media.

Vidare skriv dei at verda har store utfordringar og at løysningane på alt frå krig og konflikter til internasjonal terrorisme, flyktningekrise og ein gryande klimakrise treng nasjonalt og globalt leiarskap. Dette leiarskapet er avhengig av ein stor grad av tillit for å kunne vere effektivt. Ifølgje artikkelen er eit av dei store problema at ein vanskeleg kan løyse problem via internasjonalt samarbeid, når store deler av folket oppfattar problema som skapt av nettopp internasjonalt samarbeid.

Ta utgangspunkt i det norske politiske systemet og forklar kvifor tillit er så viktig for at vårt demokrati skal fungere godt. Forklar deretter kvifor utviklinga som er skildra i teksten over er uheldig.

På bakgrunn av forklaringa di skal du drøfte om internasjonalt samarbeid kan vere løysninga for dei utfordringane verda står overfor i dag. Fokuser på ein eller to utfordringar som du meiner er relevante for drøftinga.

Oppgåve 2.

Forklar kvifor det grøne skiftet er viktig, og korleis den teknologiske utviklinga kan bidra til å finne gode berekraftige løysningar.

Forklar og skildre kva politiske verkemiddel som kan bidra til økt satsing på klimatiltak på nasjonalt plan. Kva konsekvensar *kan* det grøne skiftet ha for den norske modellen?

Drøft om det er teknologien, politikken eller vitskapen som er nøkkelen til ei berekraftig utvikling.

Oppgåve 3.

Som følgje av koronapandemien aukar den ekstreme fattigdomen fleire stader i verda for fyrste gang på mange tiår. Koronarestriksjonar fører til store sosiale og økonomiske problem og krisa kan vare i mange år om ikkje dei rike landa tek den på alvor. I tillegg åtvarast det mot «vaksinenasjonalisme», der dei fattige landa er dei siste som får tilgang til vaksine.

Medan Noreg håper å ha vaksinert alle innbyggjarane over 18 år til sommaren 2021, er målet for afrikanske land å få vaksinert helsearbeidarar og risikogruppene i løpet av året.

Forklar kva som fører til den urettvise fordelinga av ressursar i verda. Kan internasjonalt samarbeid bidra til meir rettferd, og kva rolle bør Noreg ta? Kan tilgjenge til teknologi føre til ei meir rettvis og berekraftig utvikling? Du kan gjerne bruke dømet om koronapandemien i forklaringa di.

Med bakgrunn i forklaringa skal du drøfte kva etisk ansvar det internasjonale samfunnet har. Bruk både pliktetikk og konsekvensetikk i drøftinga di.

Referanser

Boås, M., & Sending, O. J. (2021, Mars 5). *En verden av mistillit*. Henta frå Norsk Utenrikspolitisk Institutt: <https://www.nupi.no/nupi/Publikasjoner/Innsikt-og-kommentar/Hvor-hender-det/HHD-2018/En-verden-av-mistillit>